



# Reglement for Sogenemnda i Aukra

ePhorte 2015/24-45  
Vedteke i K-sak 18/16, den 08.03.16

# Reglement for Aukra Sogenemnd

1. Aukra Sogenemnd er oppnemnd av Aukra kommunestyre og har 7 medlemmer og 4 nummererte varamedlemmar. Nemnda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Kulturavdelinga skal halde sekretær. Sekretær/ leiar kallar skriftleg inn til møte med minst ei veker varsel. Avgjerder i nemnda blir gjort med alminneleg fleirtal. Det skal førast møtereferat.
2. Aukra Sogenemnd si hovudoppgåve skal være å ivareta og å formidle del lokale kulturarven. Nemnda skal stå relativt fritt til å velje sine arbeidsoppgåver. Nemnda bør utarbeide ein handlingsplan for perioden.
3. Der nemnda meiner det er naudsynt, kan det opprettast undergrupper og komitear. Nemnda kan og gjere seg nytte av enkeltpersonar for å få utført spesielle oppgåver.
4. Lokalskriftet «Aukra gjennom tidene» er nemnda sitt ansvar. Aukra sogenemnd har eit delegert ansvar frå kommunen til å velje ein redaksjonskomite på 5 medlemmar. Minst to av medlemmane skal være frå nemnda. «Aukra gjennom tidene» bør komme ut ein gong om året.
5. Aukra Sogenemnd har ikkje eige budsjett. Alle oppgåver som har økonomiske konsekvensar skal leggjast fram for Kulturavdelinga til godkjenning.